

# Kven går av med AFP?

---

**NAV-rapport 3/2008**

# **Kven går av med AFP?**

av

**Linda Hauge og Torbjørn Årethun**

**Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Seksjon for statistikk og utredning  
Juli 2008**

ISBN 978-82-551-1153-5

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Statistikk og utredning

Rapporten kan bestilles på 21 07 00 00 eller  
per e-post: [nav.statistikk.utredning@nav.no](mailto:nav.statistikk.utredning@nav.no)  
Rapporten er tilgjengelig på  
[www.nav.no](http://www.nav.no) under Tall og analyse/Rapporter

## Forord

Denne rapporten er delrapport nr to i prosjektet om fleksibel pensjoneringsalder der me har undersøkt kva som kjenneteiknar dei som går av med AFP.

Føremålet med denne undersøkinga har vore tredelt. Dels har det vore å finne eit mål på kor stor prosentdel som nyttar seg av AFP-retten i høve til dei som har rett.

Dels har det vore å analysere kva som kjenneteiknar valet om å gå av med AFP ved bruk av registerdata og samanlike resultatata med andre studiar. Det tredje føremålet har vore å gjere forarbeid til ein database NAV kan nytte for å fylgje opp pensjoneringsåtferda framover.

Den andre delrapporten, NAV-rapport nr 1/2008, tok for seg resultat frå spørjeundersøkingar retta mot personar i aldersgruppa 45-70 år og mot AFP-pensjonistar.

Undersøkinga er gjennomført med FOU-støtte frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Prosjektet er gjennomført med fagleg støtte frå Ole Christian Lien og Oddbjørn Haga frå Pensjon og Ytelser i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Dei har også hjelpt til med å framskaffe data.

Björg L Western, Uthayakumar Amurugam og Ola Thune i Statistikk og utredning, Arbeids- og velferdsdirektoratet har lagt til rette datagrunnlaget.

Vi ynskjer også å takke Felleskontoret for LO/NHO- ordningane og Finansnærings hovedorganisasjon for å ha levert data til oss.

Rapporten er utarbeida av Linda Hauge og Torbjørn Årethun.

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Statistikk og utredning  
Juli 2008

Stein Langeland  
Seksjonsleiar

Hans Kure  
Kontorsjef

## Innhald

Samandrag.....	5
1.1 Innleiing .....	7
1.2 Føremål.....	7
1.3 Sentrale problemstillingar .....	7
1.4 Datagrunnlag .....	8
2 Kjenneteikn ved AFP-pensjonistar.....	10
2.1 Talet på AFP-pensjonistar .....	10
2.2 AFP-pensjonistar fordelt på fylke .....	11
2.3 AFP-pensjonistane arbeidar meir no enn i 2005 .....	12
2.4 Nedgang i talet på nye AFP-pensjonistar i 2007.....	13
2.5 AFP-mottakarar fordelt på næring .....	15
2.6 AFP-mottakarar fordelt på sivilstatus .....	16
3 Analyse.....	18
3.1 Logistisk regresjon: .....	18
3.2 Kva påverkar sannsynet for å gå av med AFP: .....	18
3.3 Verknader av økonomiske insentiv .....	19
3.4 Overgang frå arbeid til pensjon.....	20
3.5 Resultat.....	22
3.6 Oppsummering/drøfting:.....	26
4 Oppbygging av database for AFP: .....	28
Litteratur.....	29
VEDLEGG .....	30
Vedlegg 1 Den logistiske regresjonsmodellen .....	30
Vedlegg 2 Utrekning av AFP-pensjon .....	32
Vedlegg 3 Kompensasjonsgrad.....	34

## Samandrag

Det har vore ein jamn auke i talet på mottakarar av AFP gjennom 2000-talet. Ved utgangen av 1. kvartal 2008 mottok 45 700 AFP. I denne perioden har det vore ein auke i prosentdelen kvinner.

Prosentdelen kvinner blant AFP-mottakarar har auka monaleg. Ved utgangen av 1. kvartal 1999 var 41,9 prosent av AFP-mottakarane kvinner, medan prosentdelen hadde auka til 47,0 prosent ved utgangen av 1. kvartal 2008. Denne auken heng truleg saman med at yrkesaktiviteten blant kvinner over 50 år har auka monaleg dei siste 20 åra, noko som gjer at veksten i talet på kvinner som har rett til AFP har vore større enn veksten for menn.

AFP-pensjonistar jobbar meir enn for tre år sidan. Ved utgangen av 1. kvartal 2005 vart AFP-pensjonistane i gjennomsnitt trekte 7,3 prosent av full pensjon grunna arbeid. Ved utgangen av 1. kvartal 2008 hadde denne delen auka til 10,2 prosent. Denne auken heng m.a. nært saman med betringa på arbeidsmarknaden i perioden. Dessutan har ein større prosentdel av eldre arbeidstakarar høgare utdanning og meir interessante arbeidsoppgåver enn tidlegare, noko som gjer at fleire ynskjer å stå lenger i arbeid.

Ved utgangen av 2006 var det i alt om lag 40.600 personar som enno ikkje hadde nytta retten sin til å gå av med AFP, medan det gjennom året var om lag 12.000 personar som gjekk av med AFP. Dermed var det 22,7 prosent av dei som hadde rett til AFP i 2006 som og nytta seg av denne retten. Det var stor spreiring mellom fylka når det gjeld å nytta retten til å gå av med AFP. I Buskerud var det nesten dobbelt så stor del av dei med rett som gjekk av med AFP i 2006 (30,1 prosent), medan det tilsvarende talet i Telemark var 15,9 prosent.

Dei fleste som går av med AFP går av allereie når dei er 62 år. Høgare alder gjev såleis lågare sannsyn for å gå av med AFP.

Sannsynet for at kvinner går av med AFP, er noko større enn for menn. Effekten er ikkje klart signifikant.

Ein lang yrkeskarriere aukar sannsynet for å gå av med AFP. Dersom ein har ei yrkeskarriere på meir enn 20 år aukar sannsynet for å gå av med AFP samanlikna med dei som har mindre enn 20 år bak seg i arbeidslivet. Effekten er klart større for menn. Dette heng saman med at menn i alderen 62-66 år har ei lengre yrkeskarriere bak seg enn kvinner.

For menn minkar høg arbeidsinntekt sannsynet for å gå av med AFP. Inntekt over åtte gonger grunnbeløpet minkar sannsynet for å gå av med AFP samanlikna med dei som har lågare inntekt. Høg inntekt heng ofte saman med høg utdanning og interessante arbeidsoppgåver, faktorar som gjer at eldre står lenger i arbeid. For kvinner finn vi derimot ingen tydeleg effekt av gjennomsnittsinntekta dei siste tre åra. Midtsundstad (2005) finn derimot at inntekt påverkar pensjoneringsalderen positivt blant kvinner.

Me finn at jo høgare kompensasjonsgrad, jo høgare er sannsynet for å gå av med AFP. Kompensasjonsgraden er signifikant berre for kvinner. Dette inneber at desto større nettopensjonen er i høve til netto arbeidsinntekta desto større er sannsynet for å gå av med AFP.

Tidlegare undersøkingar syner at menn i større grad enn kvinner legg vekt på at jobben er interessant og gjevande, medan kvinner legg meir vekt på økonomiske tilhøve.

Skilte kvinner har lågare sannsyn for å gå av med AFP relativt gifte kvinner. Er ein gift, spelar gjerne ynskje om meir fritid saman med familien inn på valet om å gå av med AFP. Dersom ein er skilt kan ein ynskje å arbeide lenger sidan ein då ikkje har ein ektefelle som ”trekk ein ut av arbeidslivet”. Som skilt har ein kanskje større sosial nytte av å være i arbeid.<sup>1</sup> Økonomiske årsaker kan også være grunn til at skilte har mindre sannsyn for å tidlegpensjonere seg. Disponibel inntekt går ned som AFP-pensjonist og ein einsleg vil ofte merke konsekvensane av det meir enn eit hushald med to inntekter.

For menn har ikkje sivilstatus nokon tydeleg effekt. Dette kan tyde på at menn har ei sterkare tilknytning til arbeidslivet uavhengig av familiesituasjon, medan kvinner si åtfærd er meir påverka av familiesituasjon.

Vi har ikkje funne signifikante effektar av pensjoneringsvalet til ektefellen. Tidlegare studiar har vist at det å vera gift og alderen til ektefellen ser ut til å påverke menn og kvinner ulikt. Verknaden er størst for kvinner. Gifte kvinner går av noko tidlegare enn ugifte kvinner, og dei som er gift med ein eldre (2 år eller meir) mann går av tidlegare enn dei som er gift med ein jammaldrande eller yngre mann (Pedersen, 1997).

Menn som har motteke ei helseytning har større sannsyn for å gå av med AFP enn dei som ikkje har motteke ei slik yting. For kvinner har ikkje dette nokon klar effekt. Midtsundstad (2005) finn derimot at kvinner under pensjoneringsalder legg meir vekt på dårleg helse og at dei kjenner seg meir slitne enn det menn gjer.

---

<sup>1</sup> Vi har ikkje informasjon om dei som er skilt eller enke/enkemenn er sambuarar. Det vil likevel være ein større del einslege blant desse gruppene enn blant gifte.

## 1.1 Innleiing

I tiåra framover vil det bli høvesvis fleire eldre og færre i arbeidsfør alder. Denne utviklinga vil føra til at talet på yrkesaktive bak kvar pensjonist går monaleg ned fram mot 2030. Det vil truleg verta eit aukande gap mellom tilgangen på og behovet for arbeidskraft, m.a. innan helse- og omsorgssektoren.

Ei viktig målsetting i arbeidsmarknadspolitikken er difor å hindre utstøyting og stimulere yrkesaktive til å stå lenge i arbeid. Ordninga med avtalefesta tidlegpensjon (AFP) er i dag ikkje utforma med sikte på å byggja oppunder denne målsettinga. For nokre arbeidstakarar er AFP truleg eit alternativ til uføretrygding. For denne gruppa inneber ein overgang til AFP i staden for til uførepensjon ein velferdsgevinst. For andre arbeidstakarar gjev dagens AFP-ordning økonomiske incentiv til ein tidlegare avgang frå arbeidslivet.

Eit breitt fleirtal på Stortinget vedtok våren 2007 råmene for ein reformert alderspensjon i Folketrygda, der det m.a. vert mogleg å gå av med tidligpensjon frå og med 62 år. Den årlege alderspensjonen frå Folketrygda vert lågare desto tidlegare ein arbeidstakar vel å gå av. Ved tariffoppgjeret våren 2008 blei Staten og partane i arbeidslivet samde om at den nye AFP-ordninga skal tilpassast den nye alderspensjonen, og båe skal tre i kraft frå og med 2010. Dette inneber m.a. at ein kan arbeide utan avkorting i AFP-pensjonen, at årleg AFP-pensjon vert mindre desto tidlegare yngre mottakar er og at AFP-pensjonen vert levealdersjustert. Desse endringane vil gje ein AFP-ordning som, i motsetnad til dagens utgåve, vil stimulere eldre til å stå lenger i arbeid ved at ein vesentleg del av dei samfunnsøkonomiske kostnadene ved tidlegpensjonering no må berast av den einskilde AFP-pensjonisten.

Innføringa av valfri tidlegpensjon for alle frå og med 2010, inkludert ei reformert AFP-ordning gjer det særst interessant å studere verknadene av dagens AFP.

## 1.2 Føremål

Føremålet med denne rapporten er å framskaffe meir kunnskap om kva som gjer at folk vel tidlegpensjonering framfor å stå lenger i arbeid. Me vil sjå nærare på kva som kjenneteiknar dei som ynskjer å pensjonere seg tidleg, kva som kjenneteiknar dei som ynskjer å stå lengre i arbeid og kva som påverkar vala deira.

Me vil og kartlegge kva slags faktorar som innverkar på val av tidlegpensjonering.

Funna i denne rapporten vil bli samanlikna med funn i tidlegare undersøkingar, og med funn i dei to spørjeundersøkingane retta mot høvesvis AFP-pensjonistar og yrkesaktive som NAV har gjennomført (Grambo og Myklebø, 2008).

## 1.3 Sentrale problemstillingar

Problemstillingar:

- Kor mange går av med AFP?
- Kva kjenneteiknar dei som går av med AFP?
- Kva kjenneteiknar dei som står lengre i arbeid utan å gå over på AFP?
- Kva faktorar innverkar på valet av overgang til AFP?



## 1.4 Datagrunnlag

Datagrunnlaget i rapporten er i stor grad henta frå NAV sine register over pensjonistar, uføretrygda, personar på mellombelse helserelaterte ytingar og arbeidstakar-/arbeidsgjevarregisteret (AA-reg). I tillegg har me fått tilgang til data frå Felleskontoret for LO/NHO-ordningene, Finansnæringsens hovedorganisasjon og SPEKTER som syner dei verksemdene som hadde AFP-rett i 2006.<sup>2</sup>

Ut frå dei opplysningane me har tilgjengeleg, har det ikkje vore råd å talfeste kor mange som har hatt rett til AFP i åra før 2006.

Populasjonen er eit 10 prosent tilfeldig utval av alle som var 62-66 år og som var registrert busett i Noreg i 2006. Til denne populasjonen har me definert kven som har rett til AFP. Denne definisjonen er basert på informasjon om verksemdar tilknytt AFP-ordninga og opplysningar som knyter tilsette til desse verksemdene. Individuelle vilkår for rett til AFP har me ikkje teke omsyn til.<sup>3</sup> Me har òg lagt til andre sentrale bakgrunnsvariablar.

### Regelverket for AFP

Ordninga med avtalefesta pensjon (AFP) har eksistert sidan 1989 då 66-åringar i LO/NHO-området og tilsette i stat og kommune kunne gå av med pensjon. Aldersgrensa har etter det vorte sett ned fleire gonger og fleire grupper har komme med. Frå og med 1990 vart aldersgrensa sett ned til 65 år, frå og med oktober 1993 gjekk ho vidare ned til 64 år, frå og med oktober 1997 vart ho nok ein gong sett ned til 63 år og frå og med mars 1998 til 62 år. AFP omfattar arbeidstakarar som arbeider innafor eit tariffområde der AFP inngår i tariffavtalen. Fom 1. jan 1995 blei personar i bank- og finansnærings og apoteketaten omfatta av AFP og frå 1. mai 1997 kom personar i NAVO med. Dagens AFP er ein generell frivillig tidlegpensjonsordning som omfattar arbeidstakarar mellom 62 og 67 år som har AFP-avtale. Ordninga vert i hovudsak finansiert av arbeidsgjevarane. Den er fleksibel i den forstand at pensjonen kan takast ut når som helst i desse fem åra. Det er og høve til å ta ut delpensjon i kombinasjon med deltidsarbeid. Staten gjev tilskott til ordninga.

AFP vert utrekna etter om lag dei same reglane som uførepensjon. Unnataket er dei som har AFP frå offentleg pensjonskasse og har passert 65 år. Denne gruppa får sin AFP utrekna etter faktisk tenestetid i det offentlege (maksimalt 30 år), men utan AFP-tillegg. Dei er og sikra minst 66 prosent av sluttløna i pensjon dersom dei har maksimal tenestetid.

Fylgjande komponentar verkar inn på AFP-pensjonen:

AFP-tillegget: 11.400 kroner årleg skattefritt for AFP-pensjonistar heimehøyrande i tariffområdet LO/NHO. 20.400 kroner årleg skattepliktig for AFP-pensjonistar heimehøyrande i dei andre tariffområde (i offentleg sektor, SPEKTER og bank- og finansnærings).

Poengår: Summen av år vedkomande har hatt ei pensjonsgjevande inntekt på minst 1G etter 1966 og talet på år frå avgang AFP og fram til han fyller 66; maksimalt 40 år. Dei som går av med AFP, får dermed og rekna med poengår frå og med det året dei går av og til og med det året dei fyller 66 år.

Personar som er fødde før 1937 vil ikkje ha høve til å oppnå 40 år i Folketrygda. For denne gruppa er det utvikla egne reglar som i nokon grad kompenserer for dette.

<sup>2</sup> SPEKTER (arbeidsgjevarforeining for tidlegare statseigde verksender) har medlemslister på Internett.

<sup>3</sup> Sjå kapittel 4 for omtale av individuelle krav for å motta AFP.

Sluttpoengtal: Gjennomsnittet av den pensjonsgjevande inntekta i dei tjue åra med høgast poengtal, eventuelt summen av alle poengåra dersom vedkomande har færre enn tjue poengår. Også her er det utvikla eigne reglar for å kompensere personar som er fødde før 1937.

Pensjonsprosenten: For poengår frå og med 1967 til og med 1991 skal pensjonen reknast ut etter ein pensjonsprosent på 45. For poengår etter 1991 er pensjonsprosenten 42.

Inntektsavgrensing: Frå og med 1992 vart inntektsgrensa for utrekning av pensjonspoeng endra. Før 1992 blei pensjonspoenga utrekna av heile inntekta opp til 8 G og 1/3 av inntekta mellom 8G og 12G. Frå og med 1992 er pensjonspoenga utrekna av inntekt opp til 6 G og 1/3 av inntekta mellom 6G og 12G.

For ein gjennomsnittleg person med rett til tidlegpensjon blir AFP utrekna slik:

Grunnbeløpet i Folketrygda + AFP-tillegget + (Gjennomsnittsinntekta i dei tjue beste inntektsåra \* pensjonsprosenten<sup>4</sup> \* Talet på år med inntekt over grunnbeløpet i Folketrygda/40).

For ein som gjekk av med AFP frå LO/NHO-området i 2007, og som hadde 350.000 kr. i gjennomsnitt i dei tjue beste inntektsåra, fekk ein brutto-AFP på omlag:

65.505 kr. + 11.400 kr. + (350.000 kr. \* 0,435 \* 40/40) = 218.000 kroner. Vi har her føresett at han ville ha opptent 40 år i Folketrygda dersom han hadde halde fram med å arbeida til han var 67 år.

Ein kan velje å ta ut delvis AFP, dvs ein kan jobba noko ved sidan av tidlegpensjonen. Ein vert då trekt i pensjonen i høve til kor mykje arbeidsinntekta utgjer av tidlegare arbeidsinntekt.

<sup>4</sup> For åra 1967 – 1991 var pensjonsprosenten 0,45 (45%), medan han frå og med 1992 har vore 0,42 (42%). I vårt døme har me sett han til 0,435 (43,5%) som er eit gjennomsnitt av dei to pensjonsprosentane.


## 2 Kjenneteikn ved AFP-pensjonistar

### 2.1 Talet på AFP-pensjonistar

Det har vore ein jamn auke i talet på mottakarar av AFP i perioden frå utgangen av 1. kvartal 1999 og fram til utgangen av 1. kvartal 2008. Ved utgangen av 1. kvartal 2008 mottok 45 700 AFP. Dette er ein auke på 22.900 personar (83 prosent) sidan 1. kvartal 1999 og ein auke på 3.300 personar (8 prosent) sidan 1. kvartal 2007.

Auken i talet på AFP-pensjonistar sidan 1999 skuldast i stor grad at det i starten var få mottakarar. I tillegg er det vorte fleire kvinner med rett til AFP i denne perioden, samt at det har vore ein auke i talet på personar i aldersgruppa 62 – 67 år. Det siste heng saman med at store kull fødd på slutten av 1930-talet og fyrste halvdel av 1940-talet har erstatta mindre kull fødte i fyrste halvdel av 1930-talet.


**Figur 1. Talet på AFP-pensjonistar og prosentdelen menn. Talet på AFP-pensjonistar ved utgangen av 1. kvartal 1999 – 1. kvartal 2008.**



Kjelde: NAV

Prosentdelen menn blant personar på AFP har gått mykje ned i perioden 1. kvartal 1999 til 1. kvartal 2008. Ved utgangen av 1. kvartal 1999 var 58,1 prosent av AFP-mottakarane menn, medan det var 53,0 prosent av mottakarane som var menn ved utgangen av 1. kvartal 2008. Denne nedgangen heng saman med at yrkesaktiviteten blant kvinner over 50 år har auka monaleg dei siste 20 åra, noko som gjer at veksten i talet på kvinner som har rett til AFP har vore større enn veksten for menn.

**Figur 2. Gjennomsnittleg behaldning av personar med AFP-rett ved utgangen av 2006. Fordelt etter om dei har nytta retten eller ikkje.**




Kjelde: NAV

Ved utgangen av 2006 var det i alt om lag 40.600 personar som enno ikkje hadde nytta retten sin til å gå av med AFP, medan det gjennom året var om lag 12.000 personar som gjekk av med AFP. Dermed var det 22,7 prosent av dei som hadde rett til AFP i 2006 som og nytta seg av denne retten. Det var stor spreining mellom fylka når det gjeld å nytta retten til å gå av med AFP.

## 2.2 AFP-pensjonistar fordelt på fylke

Medan det i gjennomsnitt for 2006 var om lag 22,7 prosent av dei med rett til AFP som hadde gått av med tidlegpensjon på landsplan i 2006, gjaldt dette heile 30,1 prosent i Buskerud og 27,7 prosent i Telemark. Nordland (18,1 prosent) og Møre og Romsdal (15,9 prosent) var dei fylka der færrest med rett til AFP hadde nytta denne retten i 2006. Figuren syner at det er stor spreining over fylka når det gjeld å nytta retten til å gå av med AFP. Noko av variasjonane mellom fylka kan skuldast ulik alderssamansetjing i gruppa 62-67 år.

**Figur 3. Gjennomsnittleg behaldning av personar med AFP-rett ved utgangen av 2006. Prosent av desse som nytta retten sin i 2006 fordelt på fylke.**




Kjelde: NAV

### 2.3 AFP-pensjonistane arbeidar meir no enn i 2005

Ved utgangen av 1. kvartal 2005 fekk AFP-pensjonistane i gjennomsnitt utbetalt 92,7 prosent av full AFP-pensjon. Det vil seie at dei vart trekte 7,3 prosent av full pensjon grunna arbeid. Ved utgangen av 1. kvartal 2008 fekk AFP-pensjonistane i gjennomsnitt utbetalt 89,8 prosent av full AFP-pensjon. Det har dermed vore ein reduksjon i gjennomsnittleg utbetalt AFP-pensjon på 2,9 prosentepoiningar frå 1. kvartal 2005 til 1. kvartal 2008. Denne reduksjonen speglar ein auke i arbeidstimar blant mottakarar av AFP, og heng nært saman med betringa på arbeidsmarknaden i perioden. Dessutan har ein større prosentdel av eldre arbeidstakarar høgare utdanning og meir interessante arbeidsoppgåver enn tidlegare, noko som gjer at fleire ynskjer å stå lenger i arbeid.

I perioden frå 1. kvartal 2001 til 1. kvartal 2005 var det ein auke i den gjennomsnittlege prosentdelen av full pensjon som AFP-pensjonistane fekk utbetalt. Dette skuldast at den gjennomsnittlege AFP-pensjonist arbeidde mindre i 2005 enn i 2001, noko som dels heng saman med ei svak utvikling på arbeidsmarknaden gjennom denne perioden og dels med dei regelverksendringane som vart sette i verk i 2000. Frå og med 1.juli 2000 vart den maksimale arbeidsinntekta ein kunne ha utan avkorting i AFP monaleg redusert. Dette gav seg truleg utslag i at AFP-pensjonistar i åra etterpå arbeidde noko mindre ved sidan av pensjonen.

**Figur 4. Prosentdelen pensjon av full AFP-pensjon. Behaldning av AFP-pensjonistar ved utgangen av 1. Kvartal 1999 – 1.kvartal 2008 fordelt på kjønn.**




Kjelde: NAV

I heile perioden frå 1. kvartal 1999 til 1. kvartal 2008 har menn med AFP arbeid noko mindre ved sida av pensjonen enn kvinner. I høve til menn er det fleire kvinner med AFP frå offentlig sektor. Tidlegare granskingar syner at offentlig sektor er noko meir fleksibel enn privat sektor når det gjeld deltidsarbeid ved sidan av AFP.

## 2.4 Nedgang i talet på nye AFP-pensjonistar i 2007


Frå 2001 til 2006 var det kvart år ein auke i tilgangen på nye AFP-pensjonistar samanlikna med året før. Frå 2006 til 2007 var det eit brot i denne trenden, då gjekk talet på nye AFP-pensjonistar ned med om lag 2 prosent totalt. Størstedelen av denne nedgangen kom blant menn. Frå 1. kvartal 2007 til 1. kvartal 2008 har talet på nye mottakarar av AFP auka med om lag 3 prosent. Sett i høve til folketalet er prosentdelen AFP-mottakarar uendra.

**Figur 5. Nye mottakarar av AFP 1998 – 2007 fordelt på kjønn**



Kjelde: NAV

**Figur 6. Nye mottakarar av AFP i 2006 i høve til personar med rett.**




Kjelde: NAV

Det var liten skilnad på kvinner og menn når det gjaldt dei som nytta retten til å gå av med AFP i 2006. Medan 22,7 prosent av dei mennene som hadde AFP-rett det året nytta høvet til å gå av, var dette tilfellet for 23,2 prosent av kvinnene.

I 2006 gjekk 29,3 prosent av 62-åringar med rett til AFP over på tidlegpensjon. Prosentdelen blant 63- og 64-åringar var monaleg mindre enn blant 62-åringane. Prosentdelen 65-åringar som gjekk av med AFP var derimot større enn blant 63- og 64-åringar. Dette skuldast truleg at tilsette i offentleg sektor som går av med AFP før dei fyller 65 år får pensjonen utrekna etter reglane i Folketrygda, medan dei får pensjonen utrekna etter reglane i Statens Pensjonskasse eller Kommunal Landpensjonskasse (KLP)<sup>5</sup>. Dei offentlege tenestepensjonsordningane har gjennomgåande mindre krav til maksimal tenestetid, høgare pensjonsprosent og høgare maksimal pensjonsgjevande inntekt. Dette fører truleg til at mange offentleg tilsette ventar med å gå av til dei er 65 år.

**Figur 7. Nye mottakarar av AFP i 2006 i høve til dei som har rett. Fordelt etter alder.**



Kjelde: NAV

## 2.5 AFP-mottakarar fordelt på næring


Det er høvesvis stor spreining over næringar når det gjeld prosentdelen med rett som gjekk over i tidlegpensjon i 2006. Den største overgangen til tidlegpensjon var det for personar som arbeidde i industri/bergverk/olje/kraft- og vassforsyning med 29,8 prosent. Dernext fylgde varehandel/hotell og restaurant (26,1 prosent) og bygg og anlegg/transport med 24,1 prosent. Færrest med overgang til tidlegpensjon var det innan offentleg administrasjon (18,5 prosent) og innan helse- og sosial (19,4 prosent). Ein av grunnane til at det er færre nye mottakarar innan offentleg sektor kan vera at arbeidsoppgåvene i denne sektoren er meir interessante eller betre tilpassa eldre arbeidstakarar enn andre stader i økonomien.

<sup>5</sup> Nokre kommunar har sin tenestepensjon fra andre pensjonskassar enn KLP.



Det kan òg skuldast at det er færre med individuell rett til AFP i denne sektoren enn det som er tilfellet i privat sektor sidan prosentdelen kvinner i offentleg sektor er høg.

**Figur 8. Nye mottakarar av AFP etter næringsgruppe som prosent av dei med rett. 2006.**




Kjelde: NAV

## 2.6 AFP-mottakarar fordelt på sivilstatus

Det var ein noko større prosentdel gifte (23,5 prosent) enn ugifte (21,7 prosent) som i 2006 gjekk av med AFP målt i høve til dei som har rett til denne ytinga. Dette kan skuldast at nokre av dei gifte har ein ektemake som allereie har gått av med pensjon.

**Figur 9. Nye mottakarar av AFP i 2006 i prosent av dei som har rett. Fordelt på sivilstatus**



Kjelde: NAV

I kapittel 2 er det gjort greie for korleis AFP-pensjonistane fordeler seg på ulike kjenneteikn. I kapittel 3 er det gjennomført ein analyse som ser nærare på kva innverknad dei ulike kjenneteikna har på sannsynet for å gå av med AFP.

## 3 Analyse

### 3.1 Logistisk regresjon:

Til å analysere kva som påverkar om ein vel å gå av med AFP eller ikkje har me nytta logistisk regresjon.<sup>6</sup> Dette er ein praktisk metode når ein skal studere avhengige variablar med to utfall (dikotom variabel). Vi kan med ein slik modell studere kva kvar einskild faktor har å seie for sannsynet for å gå av med AFP.

For at ein slik modell skal gje god forklaringskraft, må samanhengen mellom den avhengige variabelen og forklaringsvariablane ta form av ei S-forma kurve. Dette gjeld når variablane minst er ordinale, det vil seia at variabelverdiane kan rangerast i høve til kvarandre. Når delen som har gått av med AFP har nådd ein høg verdi innanfor ei gruppe, vil den ikkje auke så mykje meir når forklaringsvariabelen held fram å auke. På tilsvarande vis, vil ikkje delen som har gått av med AFP gå noko særleg meir ned ved ein reduksjon i verdien på forklaringsvariabelen dersom prosentdelen på AFP er låg i utgangspunktet.

Koeffisientane i regresjonane er presentert som oddsrater. Oddsen viser forholdet mellom sannsynet for at ei hending skal inntreffe og sannsynet for at hendinga ikkje skal inntreffe. Dersom t.d. 50 prosent av personane i alderen 62- 66 år går av med AFP, gjev dette ei oddsrate (eller ein odds) på 1 får å gå av med AFP. Dersom det derimot er 75 prosent av personane i alderen 62- 66 år som går av med AFP, gjev dette ei oddsrate (eller ein odds) på 3 får å gå av med AFP.

### 3.2 Kva påverkar sannsynet for å gå av med AFP:

Meir fleksible pensjonsordningar tek i større grad omsyn til at det er store individuelle skilnader mellom eldre arbeidstakarar både når det gjeld evne til og ynskje om vidare yrkesaktivitet. Eit hovudfunn i forskinga på samanhengen mellom aldring og arbeidsevne er at individuelle skilnader i helsetilstand tiltek med alderen (Bjørsvik, 1994). Eldre arbeidstakarar vil også vera ulike med omsyn til kor lenge dei har arbeida, kva påkjenningar dei har vore utsette for i og utanfor arbeidslivet og kva krav dei vert stilte overfor i arbeidslivet. Med meir fleksible pensjonsordningar har den enkelte større moglegheit for å tilpasse seg ut frå sine eigne preferansar for arbeid og fritid. Individua er ikkje berre ulike med omsyn til preferansar - dei kan også vera ulike med omsyn til kva valmoglegheiter dei har i arbeidslivet (Hærnes, Røed og Strøm). I valet om å gå av med pensjon eller bli ståande i arbeid, vil ulike faktorar som økonomiske omsyn, trivsel på jobben, fritidsinteresser og helsetilstand ha innverknad på utfallet. Nokre faktorar trekkjer i retning av å tidlegpensjonere seg, medan andre verkar til å halde ein i arbeidslivet.

I fylgje Midtsundstad (2006) er det fleire tilhøve på arbeidsplassen som kan verke inn på tidspunktet for tidligpensjonering. Dette gjeld i særleg grad fysiske og psykiske arbeidstyngder, tap av interesse og motivasjon for jobben, pensjoneringskulturen på arbeidsplassen, verksemdsrelaterte økonomiske insitament og insitament knytt til pensjonssystemet.

---

<sup>6</sup> Sjå vedlegg 1 for ei formell framstilling av modellen

Mindre interessante oppgåver, stadige omstillingar, ei oppleving av å bli forbigått av yngre arbeidstakarar og at lang erfaring ikkje vert verdsett høgt nok kan føre til lågare motivasjon for å halde fram i arbeid. Dårleg helse er eit anna døme på forhold som skyv ein ut av arbeidslivet. Stimulerande arbeidsoppgåver og godt arbeidsmiljø skapar høg trivsel på arbeidsplassen og er døme på forhold ved jobben som held ein i arbeidslivet. Høg utdanning kan ofte vera ein indikator på at ein har ein type jobb som har slike eigenskapar. Høg inntekt kan ein tenkje seg trekkjer i begge retningar. Det kan på same måte som utdanning vera eit mål på kor interessant o.l. jobben er. På den andre sida kan det også bety at ein har mindre behov for arbeidsinntektene og dermed kan pensjonere seg tidlegare. Ynskje om meir tid til familie, vener og fritidsaktivitetar er forhold som trekkjer ein ut av arbeidslivet. Mange ynskjer å ha nokre år til aktivitetar ein har hatt liten tid til tidlegare medan ein ennå er ved god helse.

Omstillingar og færre arbeidsplassar er viktige årsaker til tidlegpensjonering i privat sektor. Det er ingen klar samanheng mellom omstillingar og tidlegpensjonering i staten. Likevel seier over ein tredel av dei AFP-pensjonerte i staten at dei ville stått lenger i jobben enn dei faktisk gjorde. AFP blir i stor grad nytta som eit verkemiddel ved nedlegging av arbeidsplassar, og det ser ut til at omstillingar råkar eldre meir negativt enn yngre (Midtsundstad, 2005). Tidlegpensjonsordning kan også fungere som ein utstøyttingsmekanisme frå arbeidslivet. Røed og Hagen (2003) dokumenterer at verksemdar som nedbemannar nyttar AFP til å skyve ut overskottsarbeidskraft, og får dermed subsidiert kostnadene ved nedbemanninga. Resultata frå deira undersøking viser at frivillig avgang frå arbeidsmarknaden gjennom AFP aukar med 14 prosent dersom verksemda personen arbeider i nedbemannar. Deler av denne auken kjem frå personar som pensjonerer seg tidlegare enn dei eigentleg ynskjer.

### 3.3 Verknader av økonomiske insentiv

Arbeids- og velferdsdirektoratet telefonintervjua 2000 personar i alderen 20 til 70 år om deira interesse for og kunnskap om pensjon i 2006. Hovudrapporten frå denne granskinga vart publisert i byrjinga av mars 2007 (Lien og Grambo, 2007). Her kom det mellom anna fram at seks av ti i utgangspunktet ynskjer å pensjonera seg før dei fyller 67 år. Stilt overfor økonomiske konsekvensar av tidlegpensjonering, var det framleis heile fire av ti som ville tidlegpensjonera seg trass ei kraftig avkorting av pensjonen. Dei som nærma seg mogleg pensjoneringsalder ynskte i større grad enn andre å gå av tidleg, sjølv om dei då ville få mindre pensjon. Likevel ville seks av ti kombinere arbeid og pensjon. Korleis heng dette saman med at såpass mange ynskjer å tidlegpensjonera seg? Tilsynelatande er dette eit paradoks, men er truleg eit uttrykk for at folk gjerne vil halda fram med å arbeida samstundes som dei i større grad sjølv vil avgjera kor mykje dei vil arbeida. Resultata kan tyde på at det ligg eit potensiale i å få folk til å stå lengre i arbeid.

Hernæs, Røed og Strøm (2002) har oppsummert studiar av tidlegpensjonering. Ein hovudkonklusjon er at utforminga av pensjonssystemet har stor innverknad på avgangsmønsteret. Auka velstand ser ut til å få folk til å ta ut meir fritid mot slutten av yrkeskarriera. Personar med høg utdanning blir lenger i arbeidslivet enn personar med låg utdanning. Familiesituasjon har også vist seg å spele ei rolle via avgjerla til ektefelle/sambuar om pensjoneringstidspunkt. Fleire forskingsresultat viser at AFP i liten grad kjem i staden for uførepensjonering eller arbeidsløyse, men i tillegg.

Ein studie frå NAV om geografiske variasjonar i uførepensjonering viser derimot at tilgangen til uførepensjon i aldersklassane frå 60 år og oppover har gått kraftig ned sidan slutten av 1990-talet. Truleg har dette samanheng med innføringa av AFP (Bragstad og Hauge, 2007).

### **3.4 Overgang frå arbeid til pensjon**

For dei som oppgjev å ha helseproblem er ikkje sannsynet større for å gå av tidleg enn for dei som rapporterar om god helse (Midtsundstad, 2005). Vidare ser det ut til at blant dei som har helseproblem eller yrkesvalhemming, er avgangsalderen høgare blant dei som kan gå av med tidlegpensjon enn blant dei som ikkje har høve til dette (Pedersen, 1997). Motsett er avgangsalderen høgast blant dei som er friske og som ikkje har høve til å gå av med tidligpensjon (Pedersen, 1997).

På bakgrunn av det vi veit om tidlegpensjonering og tilgjengelege data, har vi konstruert eit datasett til å analysere kva faktorar som verkar inn på valet om å gå av med AFP. I det neste kapitlet går vi gjennom dei viktigaste funna i analysen.

**Forklaringsvariable:**

**Kjønn:** Menn og kvinner, menn er referansekategori

**Alder:** Inndelt i eittårsgrupper 62-66 år, 62 år er referansekategori

**Gjennomsnittleg inntekt siste tre åra:**

- **For dei som har gått av med AFP i 2006 eller tidlegare:** Gjennomsnittleg pensjonsgjevande inntekt i dei tre åra før pensjoneringsåret justert for utviklinga i grunnbeløpet, G.

- **For dei som ved utgangen av 2006 enno ikkje hadde gått av med AFP:** Gjennomsnittleg pensjonsgjevande inntekt 2003-2005 justert for utviklinga i grunnbeløpet, G.

Variabelen er inndelt i to kategoriar, 1G-8G og over 8G. Referansekategori er gjennomsnittleg inntekt 1G-8G.

**Kompensasjonsgrad:** (Netto AFP/Netto pensjonsgjevande inntekt). For fleire detaljar omkring utrekninga av denne storleiken, sjå vedlegg y.

**AFP-ordning:** Viser kva for AFP-ordning ein høyrer til; Stat/kommune, LO/NHO, "Spekter" og Finansnæring. Stat/kommune er referansekategori.

**Sivilstatus:** Inndelt i "Gift", "Skilt", "Enke/enkemann" og "Ugift". "Gift" er referansekategori.

**Yrkeskarriere:** Viser talet på år med pensjonspoeng. Inndelt i "< 20 år" og "≥ 20 år". "< 20 år" er referansekategori.

**Næringsgruppe:** Viser kva for næring ein er tilsett i. Inndelt i :

"Helse- og sosiale tenester", "Industri, Oljeutvinning og Kraftforsyning", "Bygge- og anleggsverksemd og transport", "Varehandel og hotell", "Finanstenester og forretningmessig tenesteyting", "Offentleg administrasjon", "Undervisning" og "Uoppgitt".

"Offentleg adminiastrasjon" er referansekategori.

**Helsetilstand:** Viser om ein har motteke sjukepengar, rehabiliteringspengar, attføringspengar eller tidsavgrensa uførestønad (TU) minst ein dag dei siste fem åra.<sup>7</sup> Inndelt i to grupper: "Har motteke stønad" og "Har ikkje motteke stønad".

"Har motteke stønad" er referansekategori.

**Ektefelle si inntekt siste tre år:** Den gjennomsnittlege inntekta til ektefellen dei siste tre åra før "hovudpersonen" kan gå av med AFP. Inndelt i "1G – 6G" og "meir enn 6G".

"1G-6G" er referansekategori.

**AFP-rett ektefelle:** Viser om ektefellen har rett til AFP. "Har ikkje rett" er referansekategori.

**Ektefelle sin pensjonsstatus:** Viser om ektefellen er pensjonist. Ektefellen er pensjonist dersom han/ho er alderspensjonist, AFP-pensjonist eller uførepensjonist. "Ikkje pensjonist" er referansekategori.

**Uføredelen i fylket:** Viser delen uføre i bustadfylket i prosent av folkemengda 18-66 år. Delt inn i "0 % - 36 %" og "37 % - 100 %". "0 % - 36 %" er referansekategori.

<sup>7</sup> TU frå 2004.

### 3.5 Resultat

Nedanfor presenterer vi kva som synest å vera viktige faktorar bak avgjerda om å gå av med AFP basert på vårt datamateriale.

**Tabell 1**

**Regresjonsresultat. Logistisk regresjon. Alle, menn og kvinner.**

Når konfidensintervallet ligg utafor 1 er forklaringsvariabelen signifikant.

	Alle			Menn			Kvinner		
	Oddsrate	95 % konfidensint		Oddsrate	95 % konfidensint		Oddsrate	95 % konfidensint	
<b>Kjønn</b>	1,18	1,00	1,41						
<b>Alder</b>	0,83	0,79	0,86	0,83	0,78	0,88	0,82	0,77	0,87
<b>Gj. snittleg inntekt siste 3 år</b>	0,69	0,54	0,88	0,63	0,46	0,87	0,83	0,51	1,34
<b>Kompensasjonsgrad</b>	1,29	1,07	1,55	1,16	0,85	1,58	1,29	1,01	1,65
<b>Skilt</b>	0,58	0,46	0,74	0,73	0,52	1,02	0,49	0,34	0,69
<b>Enke/enkemann</b>	1,71	1,15	2,55	1,49	0,82	2,70	2,01	1,16	3,47
<b>Ugift</b>	0,74	0,53	1,03	0,80	0,50	1,27	0,71	0,44	1,16
<b>Yrkeskarriere</b>	2,01	1,22	3,30	5,80	0,76	44,10	1,81	1,08	3,05
<b>Bygg og anlegg, transport</b>	1,41	1,01	1,95	1,87	1,14	3,06	0,95	0,48	1,87
<b>Varehandel og hotell</b>	1,32	0,89	1,94	2,11	1,18	3,80	0,59	0,29	1,20
<b>Finanstenester og forretningsmessig tenesteyting</b>	1,22	0,79	1,88	2,09	1,14	3,81	0,50	0,22	1,14
<b>Helse og sosiale tenester</b>	1,04	0,79	1,38	0,89	0,51	1,54	1,00	0,70	1,42
<b>Undervisning</b>	1,56	1,21	2,01	1,20	0,83	1,76	1,80	1,25	2,60
<b>Helsetilstand</b>	1,16	1,00	1,35	1,29	1,03	1,61	1,09	0,88	1,35

#### **Alder:**

Høg alder gjev lågare sannsyn for å gå av med AFP. Dei fleste som går av med AFP går av allereie når dei er 62 år. NAV Arbeids- og velferdsdirektoratet har rekna ut at rundt ein fjerdedel av dei som går av går av ved 62 år (St.prp. nr.1, 2007-2008).

Dei som blir i jobben etter 62 år legg mest vekt på at dei trivs saman med arbeidskollegaene og at dei framleis tykkjer jobben er interessant og gjevande. Både menn og kvinner vektlegg det sosiale miljøet på jobben.

Fire av ti venta med å gå av fordi de trong inntektene frå arbeidet (Midtsundstad, 2006). Ein tredel av dei yrkesaktive og 23 prosent av pensjonistane tykte det var viktig at dei fikk høgare pensjon ved å jobba lenger (Pedersen, 1997).

I ei spørjeundersøking utført av NAV svarte dei fleste at dei ville ynskja å gå av når dei var 62 år dersom avgangsalder ikkje betyr noko for pensjonen. Samstundes rekna berre fire av ti med at dei faktisk ville gå av når dei var 62 år (Grambo og Myklebø, 2008)

Omlag halvparten seier det er viktig at verksemda la til rette for at dei kunne arbeide lenger, og at arbeidsgjevar hadde behov for dei. Dei som er over 62 år og som difor har teke eit val legg større vekt på at leiaren uttrykte ynskje om å ha dei der enn det som er tilfelle for 58- og 60-åringar. Ein god relasjon til leiar, meistringskjensle og utfordrande arbeidsoppgåver er viktige faktorar for å bli i jobben (Midtsundstad, 2005).

Fire av ti eldre arbeidstakarar i staten seier at dei har vore utsette for aldersdiskriminering etter fylte 55 år, særleg gjeld dette tilsidesetting i samband med løns- og stillingsopptrykk (Midtsundstad, 2005). Opplevd diskriminering eller tilsidesetting etter fylte 55 år aukar sannsynet for tidlegavgang med AFP. Dei som er tilsette i høgskuleyrke, akademikaryrke og Forsvaret melder i størst grad om aldersdiskriminering (40-50 %). Berre to av ti i typiske arbeidaryrke rapporterar om aldersdiskriminering. Medan over 40 prosent av tidlegpensjonerte meinte at dei hadde hatt eit dårleg forhold til tidlegare leiar, var det knapt to prosent av dei yrkesaktive eldre som meinte det same. Det ser dermed ut til at forholdet til næraste leiar kan vera ein vesentleg faktor når det gjeld tidlegpensjonering blant statleg tilsette (Midtsundstad, 2005).

Statlege arbeidsgjevarar har ein gjennomgåande positiv oppfatning av eldre medarbeidarar, men kring halvparten meiner dei har problem med å ta i bruk ny teknologi, og ein av tre meiner dei er negative til omstillingar, at dei kvir seg for å ta på seg ekstra arbeidsoppgåver og at dei er kostbar arbeidskraft. Det er ikkje rett å seia at eldre taklar omstillingsprosessar dårlegare enn andre, men dei syner større motvilje. I kva grad verksemda har behov for å redusera talet på arbeidsplassar, verkar signifikant inn på sannsynet for tidlegavgang (Midtsundstad, 2005).

### **Yrkeskarriere:**

Dersom ein har ei yrkeskarriere på meir enn 20 år aukar sannsynet for å gå av med AFP. Effekten er klart større for menn. Dette heng saman med at menn i alderen 62-66 år har ei lengre yrkeskarriere bak seg enn kvinner.

Når resultata syner at lengre yrkeskarriere fører til auka sannsyn for å gå av med AFP, så har dette også samband med at det vert kravd mange år i arbeidslivet for å ha rett til tidlegpensjon. For å ha rett til å gå av med AFP må ein ha minst 10 år i arbeidslivet etter fylte 50 år.

Midtsundstad (2005) har studert pensjoneringstidspunkt blant arbeidstakarar. Låginntektsgrupper har lågare forventna pensjoneringsalder enn høginntektsgrupper. For dei som har stått meir enn 30 år i arbeid når dei er 55 år, er sannsynet større for å gå av ved 62 års alder enn andre. Blant menn er det tilsette i tradisjonelle arbeidaryrke som har lengst tid i arbeid før overgang til pensjon, medan det blant kvinner er tilsette i akademikar- og høgskuleyrke som står lengst tid i arbeid (Midtsundstad, 2005). Inntekt og velstand ser ut til å ha positiv innverknad på pensjoneringsalderen blant menn, medan desse faktorane verkar negativt inn på pensjoneringsalderen blant kvinner (Midtsundstad, 2006).

### **Kjønn:**

Vi finn ein noko høgare odds for kvinner for å gå av med AFP, men effekten er ikkje klart signifikant.

Generelt går kvinner av med pensjon tidlegare enn menn. I Noreg er kjønnskilnadene størst når det gjeld uførepensjon, og kvinner blir uførepensjonert dobbelt så ofte som menn. Dette heng truleg saman med kjønnskilnader i yrke og arbeidstyngde. Kjønn har ingen sjølvstendig effekt på tidlegavgang (Midtsundstad, 2005).

I vurderinga av avgangstidspunktet legg menn under pensjoneringsalder i større grad enn kvinner vekt på at jobben er interessant og gjevande, medan kvinner legg meir vekt på



økonomiske tilhøve. Menn som framleis står i jobb etter 62 år legg meir vekt enn kvinner på eiga helse og det valet av pensjoningstidspunkt som ektemaken/sambuaren gjer. Menn legg og større vekt på fleksibilitet i arbeidstid, arbeidsoppgåver og arbeidstempo (Midtsundstad, 2005).

### **Gjennomsnittleg inntekt dei siste tre åra:**

Gjennomsnittleg inntekt dei siste tre åra har signifikant negativ effekt for menn. Inntekt over åtte gonger grunnbeløpet minkar sannsynet for å gå av med AFP. Som omtala tidlegare heng gjerne høgare inntekt saman med høg utdanning og interessante arbeidsoppgåver. Høg inntekt vil på den andre sida gje meir økonomisk handlefridom sjølv om ein går av med AFP og får redusert disponibel inntekt.<sup>8</sup> For kvinner finn vi derimot ingen tydeleg effekt av gjennomsnittsinntekta dei siste tre åra. Midtsundstad finn at inntekt påverkar pensjoneringsalderen positivt blant kvinner.

### **Kompensasjonsgrad:**

Me finn at kompensasjonsgraden er signifikant positiv. Jo høgare kompensasjonsgrad, jo høgare er oddsen for å gå av med AFP. Kompensasjonsgraden er signifikant berre for kvinner. Dette er i tråd med tidlegare resultat. Midtsundstad (2005) finn at menn i større grad enn kvinner legg vekt på at jobben er interessant og gjevande, medan kvinner legg meir vekt på økonomiske tilhøve.

Ei auke i kompensasjonsgraden vil normalt trekkje i retning av at sannsynet for å gå av med AFP aukar. Auka kompensasjonsgrad gjer at det vil bli meir lønsamt å gå av med pensjon i høve til det å halde fram i jobb. Kompensasjonsgraden for tilsette i LO/NHO-området er lægre enn for tilsette innafor dei andre tariffområda som har AFP-ordning, t.d. offentleg sektor. Dette skuldast at det såkalla AFP-tillegget er lægre innafor LO/NHO-området, også om ein tek omsyn til at tillegget i LO/NHO-området ikkje er skattlagt i motsetnad til AFP-tillegget i dei andre sektorane.

### **Sivil status:**

Tidlegare undersøkingar har funne at ekteskapsleg status har innverknad på valet om å gå av med AFP. I vår analyse reduserer det å vere skilt kvinne sannsynet for å gå av med AFP relativt gifte kvinner. Å vera enke eller enkemann aukar sannsynet for å gå av med AFP relativt til det å vera gift for kvinner.

Er ein gift, spelar gjerne ynskje om meir fritid saman med familien inn på valet om å gå av med AFP. Dersom ein er skilt kan ein ynskje å arbeide lenger sidan ein då ikkje har ein ektefelle som "trekk ein ut av arbeidslivet". Som skilt har ein kanskje større sosial nytte av å være i arbeid.<sup>9</sup> Økonomiske årsaker kan også være grunn til at skilte har mindre sannsyn for å tidlegpensjonere seg. Disponibel inntekt går ned som AFP-pensjonist og ein einsleg vil truleg merke konsekvensane av det meir enn eit hushald med to inntekter.

Som skilte er dette også ei gruppe som er einslege dersom dei ikkje er sambuarar. Likevel er sannsynet annleis for denne gruppa enn for dei som er skilte. Tolkinga av dette er ikkje opplagt. Ei mogleg forklaring kan vere at utvalet er lite for denne gruppa. Dette gjeld også for gruppa.

<sup>8</sup> Ei finare inndeling av inntekta viste ikkje å gje signifikante resultat.

<sup>9</sup> Vi har ikkje informasjon om dei som er skilt eller enke/enkemenn er sambuarar. Det vil likevel være ein større del einslege blant desse gruppene enn blant gifte.

For menn har ikkje sivilstatus nokon tydeleg effekt. Dette kan tyde på at menn har ei sterkare tilknytning til arbeidslivet uavhengig av familiesituasjon, medan kvinner si åtferd er meir påverka av familiesituasjon.

Tidlegare studiar har vist at det å vera gift og alderen til ektefellen ser ut til å påverke menn og kvinner ulikt. Verknaden er størst for kvinner. Gifte kvinner går av noko tidlegare enn ugifte kvinner, og dei som er gift med ein eldre (2 år eller meir) mann går av tidlegare enn dei som er gift med ein jamnaldrande eller yngre mann (Pedersen, 1997).

Valet om å tidlegpensjonere seg kan vere avhengig av kva pensjonsval ektefellen tek. Vi har teke omsyn til dette i analysen ved å inkludere ektefellen si gjennomsnittsinntekt siste tre år, om ektefellen er pensjonist eller ikkje i 2006, og om ektefellen har AFP-rett. Vi finn ikkje signifikante effektar av dette verken for menn eller kvinner.

### **Næringsgruppe:**

I analysen nyttar me "Offentleg administrasjon" som referansekategori. Me har slått saman næringsgrupper for å få færre grupper totalt. Det er store kjønnskilnader når det gjeld effekten av kva næringsgruppe ein er tilsett i. For menn er gruppene "Industri, Olje og Kraft", "Bygg og Transport", "Varehandel og Hotell" og "Finanstenester" positivt signifikante i høve til "Offentleg administrasjon". Resultata frå dei tre fyrstnemde gruppene kan tyde på at det er ein del "slitarar" som går av. Dette er næringsgrupper med eit relativt stort innslag av tungt fysisk arbeid. "Finanstenester og forretningsmessig tenesteyting og eigedomsutvikling" har også ein høgre odds enn "Offentleg administrasjon". Årsaka til det kan vere at det jamt over er eit høgre utdanningsnivå blant eldre i det offentlege enn i finansnæringa. Midtsundstad finn at store variasjonar mellom yrkesgruppene innanfor ein sektor, og skiljet går delvis etter utdanningsnivå. Tilsette med høgskule- eller universitetsutdanning har høgare pensjoneringsalder enn ufaglærde og tilsette i yrke der det ikkje er krav til høgare utdanning. Unnataket er lærarar, som har låg pensjoneringsalder i høve til utdanningsnivået (Midtsundstad, 2006).

For kvinner er det berre "Undervisning" som er signifikant. Tilsette i næringsgruppa undervisning har tydeleg høgre sannsyn for å gå av. Det vert hevda at lærarar ofte vert tidlegare utslitne enn mange andre yrkesgrupper. Me veit frå andre studiar at valet om å gå av med AFP gjerne er avhengig av kva type jobb ein har. Dersom ein føler seg verdsett, har interessante oppgåver og er motivert ynskjer ein å jobbe lenger. Desse tilhøva vert ikkje fanga opp i næringsgrupperinga. Inntekt kan til ein viss grad indikere om ein har ein slik type jobb.

I staten er utdanningsnivået blant dei eldre høgre enn i privat sektor. Statstilsette har kortare tid i arbeidslivet enn tilsette i privat sektor, og dei høgt utdanna i staten går av med AFP tidlegare enn dei med tilsvarande utdanning i privat sektor. Hovuddelen av kvinner i staten har akademikaryrke. Ein større del blant kvinner enn menn i staten som var i arbeid som 55-åringar, var framleis i arbeid som 64-åringar. Hovudårsaka til dette er at fleire menn enn kvinner i staten har yrke med særskilt aldersgrense 60 år (Midtsundstad, 2005).

### **Helse:**

Vi har definert ein indikator på helsetilstanden som summen av dagar ein har vore på ei trygdeyting dei siste fem åra.<sup>10</sup> Menn som har motteke ei yting har større sannsyn for å gå av med AFP enn dei som ikkje har motteke ei yting.<sup>11</sup> For kvinner har ikkje dette nokon klar

<sup>10</sup> Summen av dagar med sjukepengar betalt av folketrygda, rehabiliteringspengar, attføringspengar eller tidsavgrensa uføreyting fom 2004.

<sup>11</sup> Ei inndeling i korte og lange periodar med stønad gav ikkje signifikante utslag.

effekt. Midtsundstad finn derimot at kvinner under pensjoneringsalder legg meir vekt på dårleg helse og at dei kjenner seg meir slitne enn det menn gjer.

Dårleg helse kan være ein viktig årsak til at ein går ut av arbeidslivet. I fylgje Pedersen (1997) seier nesten halvparten at svekka helse er ein viktig årsak til å gå av. Dei som har gått av på grunn av dårleg helse har gjennomsnittleg gått av 2,7 år tidlegare enn dei skulle ynskje (Pedersen, 1997).

Dårleg helse er eit vilkår for å få uførepensjon. For dei som går av med AFP er det derimot ikkje noko krav om helsesvikt for å nytte seg av avgangsordninga. Rønningen (2004) finn ingen samanheng mellom rett til AFP og tidleg avgang frå arbeidslivet på grunn av helseplager. Når det gjeld avgang til uførepensjon har helse sjølvstort stor innverknad. Midtsundstad (2005) finn at helse har ulik verknad i ulike sektorar.

I privat sektor vil dei tilsette gå av med AFP fordi dei er slitne, medan dei tilsette i staten vil gå av med AFP fordi dei er umotiverte og ynskjer meir fritid. Av dei statleg tilsette som ynskjer meir fritid, er det likevel ein stor del som òg legg vekt på helseproblem samt at dei har eit tyngande arbeid. Ein av fire statstilsette seier dei ville stått lenger i jobb dersom dei hadde kunna. Både menn og kvinner ynskjer seg meir fritid, men kvinner legg i tillegg vekt på dårleg helse og at dei kjenner seg slitne, medan menn legg vekt på manglande jobbmotivasjon (Midtsundstad, 2005).

### 3.6 Oppsummering/drøfting:

Våre funn er i hovudsak i tråd med tidlegare funn på området. Ein del av forklaringsfaktorane verkar ulikt for menn og kvinner. Høg inntekt reduserer sannsynet for at menn går av med AFP, medan det ikkje er nokon tydeleg effekt for kvinner. Den kraftigaste forklaringsvariabelen i våre analysar er den gjennomsnittlege inntekta dei siste tre åra. Høg inntekt heng gjerne saman med ei rekkje faktorar som trekkjer i retning av å bli ståande i arbeidslivet, som stimulerande og mindre fysisk slitande arbeidsoppgåver. Personar som har høg inntekt kjem òg ofte betre ut på helseindikatorar.

Helsetilstanden målt i talet på dagar med ein stønad frå NAV har større innverknad for menn enn kvinner. Helsetilstanden kan ha samanheng med kva type yrke ein har hatt.

Forklaringskrafta til modellen er relativt låg, også til logistisk regresjon å vera. Dette kan skuldast fleire forhold. For det fyrste kan det vera at den ikkje er godt spesifisert. Frå tidlegare studiar veit vi at det er ein del forhold som påverkar valet om å pensjonera seg vi ikkje direkte kan observere. Døme på slike forhold kan vera fritidsinteresser, sosiale normer og pensjoneringskulturen på arbeidsplassen.

Sjølv om tre av fire hevdar at eit godt forhold til kollegaene hadde særstort stor innverknad på deira eiga avgjerd om å halda fram i jobben, er det ikkje eit dårleg forhold til kollegaene som er avgjerande for dei som tek ut tidlegpensjon. Det same gjeld ynskje om meir fritid. Denne faktoren blei tillagt stor vekt blant dei som gjekk av tidleg, men for mykje fritid var ikkje tillagt vekt av dei som sto lenger i jobb. Dei faktorene som vart vektlagt av begge gruppene, men med motsett forteikn, var helse, arbeidstynge, jobbmotivasjon, kjensla av at arbeidsgjevar hadde/ikkje hadde behov for dei, den avgjerda knytt til uttak av tidlegpensjon som ektemake/sambuar føretok samt økonomiske vurderingar (Midtsundstad, 2005).

Det kan også tenkjast at makroøkonomiske variablar som arbeidsløyse eller delen uførepensjonerte har innverknad på AFP-mønsteret. Vi har forsøkt å inkludere arbeidsløyse og uføredelen i modellen, men data viser for liten variasjon til at det kan forklare observerte samanhengar.

Ei anna årsak kan vera at me berre har modellert to moglege utfall. Ein stadig større del kombinerer arbeid og pensjon. Delvis AFP har vore mogleg å ta ut frå og med oktober 1997, og har vore mest nytta i staten. Ein av fire statstilsette tok i 2000 delvis AFP i bruk. Dei viktigaste grunnane til å velje delpensjon framfor fulltids arbeid ser ut til å vera helseproblem, tilpassing til ektemaken sitt val av pensjoneringstidspunkt og eventuell delpensjon samt behov for å tene opp betre pensjonsrettar (Midtsundstad, 2005). Tre av fire yrkesaktive 55-åringar i staten er pensjonert som 64-åringar, medan halvparten av desse arbeider ved sida av. I privat sektor er det mindre vanleg med delvis pensjonering, noko som i stor grad ser ut til å skuldast meir fleksible arbeidsgjevarar i staten. Delpensjon er og mest utbreitt i grupper med høgare utdanning. Pensjonistar som valde full pensjon grunngav dette med at dei hadde ynskje om meir fritid, at dei ikkje trong ekstraintekter og at helsa svikta (Midtsundstad, 2005). Det har falle utafør vår analyse å sjå på kva for faktorar som spelar inn på valet om å ta ut gradert pensjon og dette kan verke inn på forklaringskrafta.

## 4 Oppbygging av database for AFP:

Eit av føremåla med dette prosjektet er å etablere ein database NAV kan nytte til å systematisk følgje med på utviklinga på AFP-området. Dette prosjektet kan til dels sjåast på som eit forprosjekt.

Når ein skal studere avgang til heil eller delvis AFP og utviklinga i åtferdsmønsteret, er det mest relevant å sjå det i høve til dei som har rett til å gå av (alternativet er alle arbeidstakarar eller heile folkesetnaden i dei aktuelle aldersgruppene). Informasjon om kva for verksemdar som er tilslutta AFP-ordninga og om dei individuelle krava er oppfylt, fins per i dag ikkje samla for alle aktuelle AFP-mottakarar. Til dette prosjektet har vi sett saman eit 10 prosents utval av personar som var i alderen 62 – 66 år i 2006. Vi har kopla på informasjon om m.a. oppteningstid og inntektshistorikk, trygdehistorie, næringstilknytning og sivilstatus. Vi har merka dei som har rett til AFP på individnivå. Dette har vi gjort på bakgrunn av medlemsregister over AFP-verksemdar tilsendt av Felleskontoret for LO/NHO-ordningene” og dei andre arbeidsgjevarorganisasjonane som forvaltar AFP-ordningar. Dette gjev oss ei god oversikt over dei verksemdene som har AFP-rett på det aktuelle tidspunktet.

Ei utfordring for NAV er å få bygd opp eit register over kven som har individuell rett til AFP. Rett til AFP er noko ulik mellom privat og offentleg sektor. For å ha rett til AFP må ein ha ha vore i arbeid i minst 10 år etter fylte 50, ha hatt minst 10 år med pensjonsgjevande inntekt over 2G etter 1967 og ha hatt pensjonsgjevande inntekt større enn grunnbeløpet året før AFP-uttak. Dette er informasjon som me vil freiste å leggje til rette for med eigne data, men dette er omfattande og vil vera ressurskrevjande.

Den føreslegne databasen vil bli fortløpande oppdatert med nye årgangar og vil frå og med 2006 innehalde heile populasjonen av personar som har vore i aldersgruppa 62 – 67 år. For tidlegare år er det svært vanskeleg å fastslå talet på personar med AFP-rett. Databasen kan nyttast til ei tett oppfyljing av tidlegpensjonering generelt og AFP-spesielt. Databasen vil i særleg grad kunne kaste lys over pensjoneringsåtferda og dermed gje viktige innspel til korleis verknadene av ein generell senking av pensjonsalderen vil kunne få på yrkesaktiviteten til personar i denne aldersgruppa.

Vi ynskjer å oppdatere databasen årleg og nytte den til å produsere statistikk over sentrale storleikar med jamne mellomrom. Me gjer framlegg om fylgjande tabellar:

- Talet på personar med AFP-rett
- Prosentdelen av dei med rett som tek ut AFP/ikkje tek ut AFP
- Prosentdel som har teke ut gradert AFP
- Gjennomsnittsgadering

Desse storleikane bør fordelast på kjønn, alder, AFP-ordning og næring.

## Litteratur

Bjørsvik, Geir (1994): Overgang frå arbeid til pensjon: Hvilke faktorer bestemmer?, *Hovedoppgave i sosialøkonomi ved Universitetet i Bergen*.

Bragstad, Torunn og Linda Hauge (2007): "Geografiske variasjonar i uførepensjon", *Arbeid og velferd*, 2/2007, NAV.

Grambo, Anne-C. og Myklebø, Sigrid (2008): "Hvordan vil pensjonsreformen påvirke pensjoneringsatferden?" NAV-rapport 1/2008. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Hernæs, E., K. Røed og S. Strøm (2002): "Yrkesdeltakelse, pensjoneringsatferd og økonomiske insentiver." Rapport 4. Oslo: Frischsenteret.

Lien, Ole Christian og Grambo, Anne-Cathrine (2007) *Pensjonsreform på trappene: Hva vet befolkningen om pensjon?* NAV-rapport 1/2007. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Midtsundstad, Tove (2005): *Ikke nødvendigvis sliten... En analyse av tidligpensjonering og seniorpolitikk i staten*. Fafo-rapport 482. Oslo: Forskningsstiftelsen Fafo.

Midtsundstad, Tove (2006): *Hvordan bidra til lengre yrkeskarrierer? Erfaringer fra norsk og internasjonal forskning om tidligpensjonering og seniortiltak*. Fafo-rapport 534. Oslo: Forskningsstiftelsen Fafo.

Pedersen, Axel West (1997): *Mellom arbeid og pensjon: Rapport fra en spørreundersøkelse*. Fafo-rapport 223. Oslo: Forskningsstiftelsen Fafo.

Rønningen, D. (2004): Sysselsetting og tidligpensjonering for eldre arbeidstakere, *Økonomiske analyser 2004/5*, Statistisk sentralbyrå.

St.prp.nr. 1 (2007/2008): Regjeringens forslag til statsbudsjettet for 2008

## VEDLEGG

### VEDLEGG 1 DEN LOGISTISKE REGRESJONSMODELLEN

I estimeringa av sannsynet for å gå av med AFP brukar me ein Logit-modell. Vi omformar modellen til ein logistisk sannsynsfunksjon:

$$(1) P_i = E(Y=1|X_{ik}) = \sum_{k=2}^m \beta_k X_{ik}$$

m= talet på uavhengige variablar

k= 2, 3, ..., m

$P_i$  = sannsynet for å gå av med AFP ( $Y=1$ )

X = uavhengige variablar

$\beta$  = koeffisientane som skal estimerast

Dersom me dividerer  $P_i$  med  $(1-P_i)$ , tek logaritmen til dette uttrykket, og til slutt løyser for  $P_i$ , får vi den logistiske sannsynsfunksjonen:

$$(2) P_i = F(Z_i) = F(\beta_k X_{ik}) = \frac{1}{1 + e^{-Z_i}}$$

Dette uttrykket inneber at :

$$P_i \Rightarrow 0 \text{ når } Z_i \Rightarrow -\infty$$

$$P_i \Rightarrow 1 \text{ når } Z_i \Rightarrow \infty$$

$$P_i \Rightarrow 0,5 \text{ når } Z_i \Rightarrow 0$$

Den logistiske sannsynsfunksjonen skildrar ein S-forma samanheng mellom sannsynet og dei uavhengige variablane. Kurven er symmetrisk rundt punktet  $Z_i = 0$ .

Verknaden av ei einings endring i ein av forklaringsvariablane vil i ein logistisk modell være slik:

$$(3) \frac{dP_i}{dX_i} = \left( \frac{1}{1 + e^{-Z_i}} \right) \left( \frac{1}{1 + e^{-Z_i}} \right) \beta_k = P_i (1 - P_i) \beta_k$$

Effekten av ei eining endring i ein av dei uavhengige variablane vil ikkje berre være avhengig av  $\beta_k$  men også av nivået på  $Z_i$ .

$dP_i/dX_i$  er låg når  $P_i$  er nær 0 eller 1 og  $dP_i/dX_i$  er maksimal når  $P_i = 0,5$ . Sidan  $P_i(1 - P_i)$  alltid er positiv er det  $\beta_k$  som bestemmer retninga på effekten av ein endring i ein uavhengig variabel, medan storleiken på endringa vil vera avhengig av storleiken på  $Z_i$ . Dersom vi ynskjer å gjere om dei estimerte logit-koeffisientane må vi multiplisere koeffisientane med  $P_i(1 - P_i)$ .

Estimering av modellen:

Parametrane i ein logit-modell vert estimert vha maximum likelihood estimering (MLE). Når vi skal estimere koeffisientane i ein logit-modell er det hensiktsmessig å omforme uttrykket.

Vi multipliserer fyrst begge sidene i likning (2) med  $(1 + e^{-z_i}) P_i = 1$

Denne dividerer vi med  $P_i$  og trekkjer frå 1 og får:

$$e^{-z_i} = \frac{1}{P_i} = \frac{1 - P_i}{P_i}$$

Sidan  $e^{-z_i} = \frac{1}{e^{z_i}}$  kan dette skrivast som

$$(4) e^{-z_i} = \frac{P_i}{1 - P_i}$$

Uttrykket over er *oddsen*. Dette fortel kor stort sannsynet for at ei hending skal skje er i høve til sannsynet for at hendinga ikkje skal skje.



## VEDLEGG 2 UTREKNING AV AFP-PENSJON

I dette vedlegget vil me gje ei kort utgreiing omkring reglane for utrekning av AFP-pensjon.

Fyrst nokre sentrale omgrep:

AFP-tillegget: 11.400 kroner årleg skattefritt for AFP-pensjonistar heimehøyrande i tariffområdet LO/NHO. 20.400 kroner årleg skattepliktig for AFP-pensjonistar heimehøyrande i dei andre tariffområde (i offentlig sektor, SPEKTER og bank- og finansnæringa).

Poengår: Talet på år vedkomande har hatt ei pensjonsgjevande inntekt på minst 1G etter 1966, maksimalt 40 år. Dette gjeld for personar fødde i 1937 eller seinare. For personar som er fødde så tidleg at dei ikkje vil ha høve til å oppnå 40 år i Folketrygda sjølv om dei arbeidar til dei er 70 år, er det utvikla eigne overkompensasjonsreglar.

For dei som er fødde i perioden 1933 - 1936, er det eit krav at dei står i arbeid fram til det 69. året for at dei skal få full opptening i Folketrygda. Då dei fleste vil ha sitt siste oppteningsår i det 66. året, inneber dette at dei i realiteten får vert noko overkompenserte, men dei får ikkje full kompensasjon.

For dei som går av med AFP, vert det og rekna med poengår frå og med det året dei går av og til og med det året dei fyller 66 år.

Sluttpoengtal: Gjennomsnittet av den pensjonsgjevande inntekta i dei tjue åra med høgast poengtal, eventuelt summen av alle poengåra dersom vedkomande har færre enn tjue poengår.

Reglane om overkompensasjon kjem og inn her. Overkompensasjonen gjeld berre den delen av pensjonsgjevande inntekt som ikkje overstig fem gonger grunnbeløpet i det einskilde året, dvs. eit poengtal på 4,00. For inntekt over denne grensa gjeld hovudregelen om at ein skal ha 40 poengår for å få rett til full tilleggspensjon. Overkompensasjonen vert rekna ut etter fyljande reglar:

1. Fyrst vert tilleggspensjonen utrekna basert på det sluttpoengtalet som framkjem når det ikkje vert rekna med høgare poengtal enn 4,00 for det einskilde året.
2. Deretter vert tilleggspensjonen utrekna basert på det sluttpoengtalet som utgjer differansen mellom sluttpoengtalet for dei faktiske pensjonspoenga og sluttpoengtalet etter punkt 1.

Pensjonsprosenten: For poengår frå og med 1967 til og med 1991 skal pensjonen reknast ut etter ein pensjonsprosent på 45. For poengår etter 1991 er pensjonsprosenten 42.

Inntektsavgrensing: Frå og med 1992 vart inntektsgrensa for utrekning av pensjonspoeng endra. Før 1992 blei pensjonspoenga utrekna av heile inntekta opp til 8 G og 1/3 av inntekta mellom 8G og 12G. Frå og med 1992 blei pensjonspoenga utrekna av inntekt opp til 6 G og 1/3 av inntekta mellom 6G og 12G.

### Utrekning av årleg AFP-bruttopenisjon

For personar fødde i 1937 eller seinare:

Årleg AFP-pensjon (brutto) = AFP-tillegget +G + (G x sluttpoengtal x pensjonsprosenten/100 x poengår/40).

For personar fødde i perioden 1933 – 1936:

Årleg AFP-pensjon (brutto) = AFP-tillegget +G + (G x sluttpoengtal x pensjonsprosenten/100 x poengår/(fødselsåret-1900+3)40).

Dersom leddet (G x sluttpoengtal x pensjonsprosenten/100) vert mindre enn 0,7933G, blir den justert opp til dette nivået. Differansen før og etter justering vert kalla særtillegget.

## VEDLEGG 3 KOMPENSASJONSGRAD

### Innleiing

Kompensasjonsgraden skal måle kor stor del AFP-pensjonen utgjer av tidlegare netto inntekt. Kompensasjonsgraden er dermed ein brøk der netto AFP-pensjon utgjer teljaren, medan nemnaren er netto inntekt før AFP.

Me har rekna ut kompensasjonsgraden for alle personar i alderen 62 – 66 år som i 2006 hadde rett til AFP. Dette femner både dei som hadde gått av med AFP i 2006 eller tidlegare og dei som (enno) ikkje hadde gått av med AFP. For dei som har gått av med AFP, blir inntekta dei hadde som arbeidstakarar estimert som pensjonsgjevande inntekt dei tre kalenderåra før AFP-tidspunktet. For dei som (enno) ikkje hadde gått av med AFP, blir inntekta dei har som arbeidstakarar estimert som pensjonsgjevande inntekt dei tre kalenderåra før 2006.

For begge gruppene er AFP-pensjonen estimert på bakgrunn av inntekta dei har (hadde) som arbeidstakarar. Me har ikkje nytta faktisk pensjon for den gruppa som allereie har gått av med AFP.

Definisjonar av brutto og netto pensjonsgjevande inntekt

Brutto, pensjonsgjevande inntekt før AFP = Gjennomsnittleg brutto, pensjonsgjevande inntekt dei

tre siste, heile kalenderåra før avgang til AFP (for dei som har AFP) eller før 2006 (for dei som ikkje har gått av med AFP).

Skatt på brutto pensjonsgjevande inntekt før AFP = (brutto pensjonsgjevande inntekt x Trygdeavgift (7,8%)) + (brutto pensjonsgjevande inntekt - Minstefrådrag<sup>12</sup> (34%)- 29.997) x nettoskattesatsen (28%) + (brutto pensjonsgjevande inntekt - 394.000)\*Toppskatt, trinn I (9%) + (brutto pensjonsgjevande inntekt - 750.000)\* Toppskatt, trinn II (12,5%).

Netto, pensjonsgjevande inntekt før AFP = Brutto, pensjonsgjevande inntekt før AFP - Skatt på brutto pensjonsgjevande inntekt før AFP

Definisjonar av brutto og netto AFP-pensjon

For utrekning av brutto AFP-pensjon, sjå vedlegget x. Som det kjem fram av vedlegget, er brutto AFP-pensjonen bygd opp av to komponentar. Den eine er den folketrygdutrekna AFP-pensjonen og den andre er det såkalla AFP-tillegget. AFP-tillegget er utforma på to ulike måtar. For arbeidstakarar i LO/NHO-området er AFP-tillegget skattefritt, medan det er skattlagd i dei andre ordningane. Brutto AFP-tillegget er difor lægre i LO/NHO-området. I våre utrekningar av netto AFP-pensjon må vi difor skilje mellom dei som har rett til AFP frå LO/NHO-området og dei som har rett til AFP frå dei andre ordningane.

LO/NHO-området

Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen = Brutto AFP-pensjon ekskl. AFP-tillegget.

Skatt på brutto AFP-pensjon = (Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen x Trygdeavgift (3,0%)) + (Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen - Minstefrådrag<sup>13</sup> (24%)- 29.997) x nettoskattesatsen (28%) + (Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen - 394.000)\*Toppskatt, trinn I (9%) + (Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen - 750.000)\* Toppskatt, trinn II (12,5%).

<sup>12</sup> Minstefrådraget har og ei minimumsgrense på 31.800 kr. og ei maksimumsgrense på 61.100 kr.

<sup>13</sup> Minstefrådraget har og ei minimumsgrense på 4.000 kr. og ei maksimumsgrense på 51.100 kr.

Netto AFP-pensjon = Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen - Skatt på brutto AFP-pensjon + AFP-tillegget.

Andre tariffområde enn LO/NHO-området

Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen = Brutto AFP-pensjon inkl. AFP-tillegget.

Skatt på brutto AFP-pensjon = (Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen x Trygdeavgift (3,0%)) + (Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen - Minstefråndrag<sup>14</sup> (24%)- 29.997) x nettoskattesatsen (28%) + (Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen - 394.000)\*Toppeskatt, trinn I (9%) + (Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen - 750.000)\* Toppeskatt, trinn II (12,5%).

Netto AFP-pensjon = Skattegrunnlaget for AFP-pensjonen - Skatt på brutto AFP-pensjon.

Kompensasjonsgrad

Kompensasjonsgraden = Netto AFP-pensjon/ Netto, pensjonsgjevande inntekt før overgang til AFP

---

<sup>14</sup> Minstefråndraget har og ei minimumsgrense på 4.000 kr. og ei maksimumsgrense på 51.100 kr.

## Tidligere publiserte rapporter fra NAV

### NAVs rapportserie

- 4/2008 Geografiske variasjoner i uførepensjonering 1997-2004
- 2/2008 Tidligere arbeidssøkere ett år etter NAV. En oppfølgingsundersøkelse av arbeidssøkere som sluttet å melde seg ved NAV høsten 2006
- 1/2008 Hvordan vil pensjonsreformen påvirke pensjoneringsatferden?
- 5/2007 I arbeid etter rehabilitering og attføring?
- 4/2007 Hva foregår på legekantorene? Konsultasjonsstatistikk for 2006
- 3/2007 Endringer i fastlegenes sykmeldingspraksis. Konsekvenser for de sykmeldtes arbeidstilknytning og behov for trygdeytelser
- 2/2007 Analyse av utviklingen i statens utgifter til medisinske laboratorie- og radiologiundersøkelser – En oppfølgingsanalyse
- 1/2007 Pensjonsreform på trappene. Hva vet befolkningen om pensjon?
- 1/2006 Kvalitetsundersøkelse av saksbehandling i barnebidragssaker

UTGIVER

Arbeids- og velferdsdirektoratet

BESTILLING

Rapporten kan bestilles på 21 07 00 00  
eller per e-post: [nav.statistikk.utredning@nav.no](mailto:nav.statistikk.utredning@nav.no)

Rapporten er tilgjengelig på  
[www.nav.no](http://www.nav.no) under "Tall og analyse"

ISBN 978-82-551-1153-5

